



JournalpostID: 25/6754
Sakshandsamar: Magnhild
Myklebust
Dato: 26.05.2025

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
052/25	Formannskapet	05.06.2025

Planstrategi 2025-2028 - offentliggjering av framlegg

Vedlegg:

Kommunal planstrategi – forventningsbrev frå Statsforvaltaren til kommunane sitt arbeid med planstrategien
Kommunal planstrategi - synspunkt frå Vestland fylkeskommune til kommunane i Vestland

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Framlegg til planstrategi for Bremanger kommune 2025-2028 vert offentliggjort i samsvar med plan- og bygningslova §10-1.

Bakgrunn for saka:

Kommunen skal innan eitt år etter konstituering av nytt kommunestyre ha vedteke ein planstrategi. Planstrategien er ein slags plan for plansystemet til kommunen, og skal seie noko om utfordringane våre og kva planar vi må ha for å møte desse. Oppstart av arbeidet med planstrategi vart handsama av formannskapet 29.02.2024, sak FSK-018/24, og prosjektmandat for arbeidet vart godkjent. Etter framdriftsplanen i mandatet skulle planstrategien leggjast fram for kommunestyret til endeleg vedtak i desember 2024, men på grunn av kapasitetsproblem har arbeidet blitt vesentleg forseinka. Framlegg til planstrategi er utarbeidd i programmet «Framsikt» og er tilgjengeleg digitalt.

Formannskapet 05.06.2025:

Handsaming:

FSK- 052/25 Vedtak:

Samrøystes vedtak:

Framlegg til planstrategi for Bremanger kommune 2025-2028 vert offentliggjort i samsvar med plan- og bygningslova §10-1.

Aktuelle lover, forskrifter avtale mm:

Plan- og bygningslova

Folkehelselova [Lov om folkehelsearbeid \(folkehelseloven\) - Lovdata](#) §§

Bustadsosiallova [Lov om kommunenes ansvar på det boligsosiale feltet \[boligsosialloven\] - Lovdata](#) §5

Samfunnsdelen til kommuneplanen for Bremanger 2021-2033 [kommunedelplanen-sin-samfunnsdel.pdf](#)

Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2023-2027 [Nasjonale forventninger til regional og kommunal planlegging 2023–2027 - regjeringen.no](#)

Saksopplysningar:

Kravet til planstrategi går fram av plan- og bygningslova §10-1. I planstrategien skal utviklingstrekk i kommunen som samfunn og organisasjon drøftast, og brukast som grunnlag for å vurdere planbehovet i kommunestyreperioden. Planstrategien skal byggje på kunnskapen vi har om kommunen, m.a. Folkehelseoversiktsdokumentet, Klimaprofil, etc. Ved handsaming av planstrategien skal kommunestyret ta stilling til om gjeldande kommuneplan eller deler av denne skal reviderast, eller om planen skal vidareførast utan endringar. Det same gjeld om andre arealplanar (kommunedelplanar, reguleringsplanar) eller temaplanar skal vidareførast, reviderast eller opphevast, og om det er behov for utarbeiding av nye planar.

I arbeidet med planstrategien skal kommunen innhente synspunkt frå statlege- og regionale organ og nabokommunar, og framlegget til planstrategi skal offentleggjerast minst 30 dagar før kommunestyret sitt vedtak.

Framlegg til planstrategi for 2025-2028 byggjer i stor grad på tidlegare planstrategi, og måla som er sett i samfunnsdelen til kommuneplanen. I tillegg er det lovpålagt at Folkehelsedokumentet til kommunen skal leggjast til grunn for planstrategien, og utfordringane som er peika på der har fått særskilt merksemd. Det er også nytta ulik statistikk frå Statistisk sentralbyrå. I arbeidet med planstrategien har det vore tverrfagleg arbeidsmøte der kommunedirektør, kommunalsjefar, kommuneoverlege og varaordførar deltok. Det har vore eit mål for arbeidet å ha planstrategien så enkel som råd, og å ikkje legge inn fleire planar/planoppgåver enn det som er nødvendig. Planstrategien er utarbeidd i Framsikt, for å få eit oversiktleg og betre lesbart dokument.

Framlegg til planstrategi ligg i Framsikt: [Planstrategi for Bremanger kommune 2025-2028 \(https://pub.framsikt.net/plan/bremanger/plan-4b982765-a9a5-4d77-8621-aa446c64ad9f-83042/\)](https://pub.framsikt.net/plan/bremanger/plan-4b982765-a9a5-4d77-8621-aa446c64ad9f-83042/)

Vestland fylkeskommune og Statsforvaltaren i Vestland har komme med sine forventningar til dei kommunale planstrategiane. Vestland fylkeskommune trekkjer fram at samfunns- og arealplanlegginga må baserast på eit oppdatert kunnskapsgrunnlag og at kommunane bør utarbeide eit arealrekneskap som del av kunnskapsgrunnlaget. Dei oppmodar kommunane om å gjere seg kjende med kunnskapsgrunnlaget for deira Utviklingsplan 2024-2028 (regional planstrategi) og nytte denne i arbeidet med kommunal planstrategi.

Fylkeskommunen har elles god informasjon om tilgjengeleg kunnskap som kan nyttast i kommunen sitt arbeid med planstrategien, og konkrete innspel innan dei ulike sektorane. Ein del av innspela gjeld arealbruk, som gjennomgang av eksisterande planar, areal- og transportplanlegging, nye føringar for jordvern, planar for sjøareal og akvakultur. Desse innspela blir ikkje nærare omtala her, sidan kommuneplanen sin arealdel er ny og det ikkje er aktuelt med revisjon av denne i planstrategiperioden. Konkrete innspel til planstrategien:

- Strategien bør inkludere ei drøfting av kommunen sine folkehelseutfordringar
- Bør inkludere ei drøfting av klima- og miljøutfordringane og langsiktig arealbruk
- Vurdering av behovet for revidering av planar som omhandlar klima-, miljø, og energispørsmål
- Bør sikre oppdaterte trafikktryggingssplanar for å bli godkjent som trafikksikker kommune. Vestland fylkeskommune har fleire tilskotsordningar retta mot trafikktryggleik, og kommunar som inngår i trafikksikker kommune-arbeidet er

prioritert.

- Støtte opp om organiseringa av ein sterk frivillig sektor og utvikle kommunal frivilligpolitikk
- Styrke samarbeidet mellom offentleg og privat sektor, og profesjonelt og frivillig kulturliv
- Stimulere til berekraftige og mangfaldige møteplassar og arenaer for alle og særleg for barn og ungdom
- Bør ha ein politisk vedteke kulturmiljøplan som er forankra i plan- og bygningslova.
- Bør vise korleis ein plan for anlegg for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv skal inngå i det kommunale plansystemet. Kvar kommune må ha ein gjeldande slik plan, for å kunne søke spelemidlar. Det kan vere ein sjølvstendig plan eller den kan inngå i eit anna plandokument.
- Bør ta stilling til om det skal utarbeidast ein kommunedelplan eller strategi for å løyse utfordringane med brei deltaking i samfunn- og arbeidsliv.
- Viktig å omtale næringsutvikling og ta omsyn til regionale mål for verdiskaping. Kommunane bør ta vare på det næringslivet kommunen er gode på i dag, legge grunnlag for ny innovasjon på tvers av verdikjeder og gripe nye moglegheiter.
- Bør avklare korleis næring skal vere eit tema i kommunale planar
- Kommunane bør særskilt vurdere behov for å utarbeide eller å oppdatere kommunedelplanar for avløpsvatn, drikkevatt og overvatn. Kommunedelplan for avløp bør inkludere spreidd busetnad for å lukkast med å nå reinsekrava for alle anlegg i kap. 12, 13 og 14 innan 2027 eller 2033.
- Bør ta stilling til korleis kommunen skal følgje opp arbeidet med miljømål etter vassforskrifta.

Statsforvaltaren minner om at statlege planretningslinjer skal leggjast til grunn for kommunen si planlegging, og viser til dei nasjonale forventningane til kommunal og regional planlegging. Dei rår til at kommunen koplar sine eigne føringar og strategiar saman med nasjonale lover, rammer og andre føringar for planlegginga, slik at ein kan finne lokalt handlingsrom utan å kome i vesentleg strid med nasjonale interesser. Statsforvaltaren oppmodar kommune om å ta stilling til korleis førebyggjande plan for barn og unge (etter barnevernslova § 15-1) kan følgjast opp i andre kommunale planar. Dei viser til at både folkehelselova og bustadsosiallova set krav til at kommunen skal ha oversikt over utfordringar innan desse områda og som skal inngå som grunnlag for arbeidet med kommunal planstrategi. Fleire av tema dei særleg oppmodar kommunen å sjå på gjeld arealbruk (klimautfordringar for utbyggingsområde, landbruk og ulike arealføremål), og vert ikkje nære omtala. Dei nemner elles m.a.:

- Planvask - korleis møter eksisterande planar dagens utfordringar og er det

tema som ikkje er godt nok innarbeidd i planane (t.d. landbruk, naturmangfald og klima)?

- Endringar i befolkningssamansetjing – legg ein opp til rett vekst (er det føreseieleg og realistisk)?
- Folkehelse – motverkar de sosial helseulikskep?
- Barn og unge – er konsekvensar for barn og unge lagt vekt på: område for leik, avstandar, tryggleik for mjuke trafikantar, integrering av barn som veks opp i fattigdom?
- Naturmangfald på land – ivaretaking av generelt og spesielt naturmangfald, nøkkelartar, truga artar osv.
- Naturmangfald i sjø – har kommunen kjennskap til naturmangfaldet og tek ein nok omsyn til vassressurslov og raudlista artar og naturtypar i sjø
- Organisering – er kommunen budd på venta endringar
- CRPD – korleis arbeider kommunen med å sikre rettane til folk med nedsett funksjonsevne?

Statsforvaltaren oppmodar kommunane om å sende dei planstrategien på høyring – enten i oppstartsfase, eller ved fyrste utkast – slik at kommunen har høve til å vurdere og innarbeide eventuelle innspel til strategien. Dei viser til at den lovfesta 30-dagarsfristen i pbl. § 10-1 i liten grad legg opp til innarbeiding av innspel, og minner om pbl. § 1-4 som inneheld eit generelt krav om at kommunane skal samarbeide med offentlege myndigheiter og hente inn uttale frå desse, når tema vedkjem myndigheitene sitt saksområde.

Vurdering:

Det er store nasjonale og regionale forventningar til den kommunale planlegginga. FN sine berekraftsmål og naturavtalen, i tillegg til nasjonale og regionale retningslinjer og føringar skal leggjast til grunn. Samtidig er det understreka at planlegginga skal vere behovsstyrt og ikkje meir omfattande enn det som er nødvendig. I samfunnsdelen til kommuneplanen, som vart vedteken i 2021, er det sett detaljerte mål og føringar for utviklinga av Bremanger-samfunnet. For å unngå planar innanfor alle fagfelt er det lagt opp til å ha tverrfaglege planar ut frå livsfase, ein temaplan for barn og unge og ein temaplan for vaksne. Temaplan for barn og unge vart vedteken i 2022, og skal rullerast i 2025. Temaplan for eldre (Leve heile livet), som vart vedteken i 2021, er planlagt implementert i ein ny temaplan for vaksne, med oppstart av planarbeid i 2025. Ein temaplan for vaksne vil omfatte mange av dei tema som Statsforvaltar og fylkeskommunen oppmodar kommunen om å ha særskilt fokus på, mellom anna verknadane av endra demografi, behov for ulike bustadtypar og korleis vi skal sikre brei deltaking i samfunn- og arbeidsliv, motverke sosial helseulikskap, støtte opp om organiseringa av ein sterk frivillig sektor og stimulere til berekraftige og mangfaldige møteplassar og arenaer. Innan for nokre område er det likevel behov for eigne planar, for å følgje opp føringar og gje grunnlag for å søkje tilskot innan ulike tilskotsordningar. Det vert difor framleis eigne kommunedelplanar (tematiske) for trafikktrygging, fysisk aktivitet og kulturmiljø. Kommunedelplanane for fysisk aktivitet og for kulturmiljø skal reviderast i 2025. Det er også foreslått å få utarbeidd ein kommunedelplan for naturmangfald, der ein får kartlagt naturmangfaldet i kommunen og såleis har betre grunnlag for å ivareta dette. Kommunen kan søkje om tilskot til arbeidet med ein slik plan. Kommunen må også ha temaplanar/strategiplanar m.a for hjorteforvaltning, tilskotsordningar i landbruket, vassforsyning og avløp/vassmiljø. Strategisk næringsplan for Bremanger kommune er frå 2014, og arbeid med ny temaplan for næring vert starta opp i år. Arbeidet med klimaplan er starta opp tidlegare, og vil bli fullført i løpet av 2026. Forvaltningsmål for hjortebestanden vert revidert i 2025, og strategiplan for miljøtilskot i landbruket er nyleg revidert. Utarbeiding av nye områdereguleringsplanar for tettstadane; Kalvåg, Hauge og Svelgen sentrum har stått i tidlegare planstrategiar, men har blitt utsett på grunn av kapasitetsutfordringar ved planavdelinga. I ny arealdel er kommunedelplanen for Bremangerbygda frå 2007 blitt innlemma, og det var då lagt til grunn at det skulle utarbeidast områdeplanar for Iglandsvik og Hauge. I tillegg har det lenge vore behov for revisjon av planen for Kalvåg og Svelgen. Andre mindre detaljplanar som er eller vert utført i kommunal regi er ikkje omtala i planstrategien. Planstrategien omfattar etter vår vurdering planane kommunen treng for å leggje til rette for den utviklinga vi ynskjer. Planlagde revisjonar og nye planar er fordelt i kommunestyreperioden, slik at det skal vere realistisk å få utført planoppgåvene. Det er ikkje lagt opp til ein omfattande medverknadsprosess for planstrategien, men framlegget vert i tillegg til offentlig utlysing også sendt til grendelag og liknande for innspel og merknader før slutthandsaming.

Økonomiske konsekvensar av framlegg til vedtak:

Det er ikkje utrekna kostnader knytt til dei ulike planoppgåvene. Planarbeid vert i stor grad gjennomført innanfor rammene i driftsbudsjettet. For større og omfattande planarbeid som krev innleige av konsulentar må det setjast av midlar i økonomiplan/investeringsbudsjett. Finansiering av dei ulike planane må vere avklara i prosjektmandata.

